



# Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark

## Statlege forventningar til kommunane

2022



# Innhold

Forord .....	4
1 Utfordringar i Vestfold og Telemark .....	5
1.1 Demografi .....	5
1.2 Kommuneøkonomi .....	6
1.3 Kapasitet og kompetanse .....	6
1.4 Bruk og vern av areal .....	6
1.5 Samfunnstryggleik og beredskap .....	8
1.6 Klima og berekraft .....	8
2 Statlege forventningar til kommunane .....	9
2.1 FNs berekraftsmål .....	10
2.2 Rettstryggleik og god forvaltning .....	10
2.3 HMS og inkluderande arbeidsliv .....	11
2.4 Samfunnstryggleik og beredskap .....	12
2.5 Kommuneøkonomi .....	14
2.6 Oppvekst .....	14
2.6.1 Skole .....	15
2.6.2 Barnehage .....	15
2.6.3 Barnevern .....	15
2.7 Helse, omsorgs- og sosialtenester .....	16
2.7.1 Helse- og omsorgstenester og folkehelse .....	16
2.7.2 Sosiale tenester i NAV .....	17
2.8 Integrering og likestilling .....	19
2.8.1 Integrering .....	19
2.8.2 Likestilling .....	19
2.9 Utsette barn og familar .....	20
2.10 Miljø .....	20
2.10.1 Natur .....	20
2.10.2 Forureining .....	21
2.10.3 Vassforvaltning .....	22
2.11 Landbruk .....	22
2.11.1 Berekraftig egedomsforvalting .....	22
2.11.2 Tilskotsforvaltning og kontroll .....	23
2.11.3 Næringsutvikling .....	23

2.12	Arealdisponering .....	24
2.12.1	Jordvern .....	24
2.12.2	Strandsone .....	25
2.12.3	Klima i arealplanlegging .....	26
2.12.4	Forureining i arealplanlegging .....	26
2.12.5	Naturmangfold i arealplanlegging .....	27
2.13	Samferdsel .....	28
2.14	Gravplass.....	28
3	Dialog og samarbeid.....	29

## Forord

Stat og kommunar er tett integrerte. Det har handteringen av pandemien ettertrykkeleg vist. Kommunane har gjort ein formidabel jobb på vegne av staten, ein jobb det står stor respekt av.

Utgangspunktet for forventningsbrevet er nettopp den tette koplinga mellom stat og kommunar. Føremålet er å legge til rette for effektiv styringskommunikasjon, mellom anna ved å klargjere ansvaret til kommunane og det lokale handlingsrommet.

I brevet formidlar vi styringssignal gitt gjennom m.a. lovar, forskrifter, stortingsmeldingar og deira handsaming, rikspolitiske retningsliner, rundskriv, statsbudsjett, dei tilhøyrande tildelingsbreva til statsetatane og kommuneopposisjonen.

Forventningane er utforma enten som krav/pålegg (må/skal) eller prioriteringssignal. Dette skiljet er sentralt, for å gjøre tydeleg det kommunale handlingsrommet. Krav/pålegg er derfor merka særskilt.

Forventningsbrevet erstattar ikkje den løpende kommunikasjonen mellom staten og kommunane, men er eit årleg forsøk på å gi betre oversikt, heilskap og samanheng på strategisk nivå. Ved eventuelle vesentlege endringar gjennom året vil kommunane bli særskild informerte.

Brevet er heller ikkje ei fullstendig oppgåveliste. Det sentrale er nye eller justerte krav til kommunane og høgt prioriterte oppgåver, statlege satsingar, jf. Øg konsultasjonsordninga, og dessutan område der det er ynskjeleg at resultata frå kommunane blir betre.

I år har vi endra på form og utsjåande på brevet. Vi oppmodar kommunane til å gje oss tilbakemeldingar om forbetringspunkt.

3. september 2021

Per Arne Olsen

statsforvaltar i Vestfold og Telemark

# 1 Utfordringar i Vestfold og Telemark

Pandemien har ytterlegare aktualisert kommunane si rolle i velferdsstaten som myndigheits- og tenesteutøvar. I åra som kjem blir desse rollene ikkje mindre krevjande for kommunane. I dette kapittelet omtalar vi nokre utviklingstrendar og utfordringar kommunane bør vere spesielt merksame på i 2022 og/eller i planlegginga for komande år.

## 1.1 Demografi


I følgje regionale befolkningsframskrivningar 2020 – 2050 (SSB) så kan ein vente markert nedgang (> 5%) i folketalet i kommunane Hjartdal, Tokke, Drangedal og Kragerø, mens nedgangen blir noko flatare i kommunane Tinn, Vinje, Seljord, Fyresdal, Nome, og Bamble. Til saman må halvparten av kommunane i fylket førebu seg på å møte ei negativ utvikling i folketalet.

Mange av dei er dessutan svært små og sårbare i utgangspunktet. Tønsberg, Holmestrand og Siljan utgjer motsatsen; der ventar SSB kraftig auke i folketalet.

Delen eldre over 70 vil i 2050, etter prognosane til SSB, bli høg i kommunane Tinn, Vinje, Tokke, Kviteseid, Fyresdal, Nissedal, Drangedal, Hjartdal, Seljord, Nome, Kragerø, Bamble, Notodden, Siljan, Larvik og Færder.

Forsørjarbrøken i 2050, det vil seie delen eldre over 65 år i høve til delen i aldersgruppa 20 – 65, er mest krevjande i kommunane Tinn, Vinje, Hjartdal, Tokke, Kviteseid, Fyresdal, Nissedal, Drangedal og Kragerø. Til saman teiknar dette eit bilet av eit fylke med vesentlege demografiutfordringar i mange kommunar, noko figuren under tydeleg viser:

Tidslinjer over når fylkene får flere eldre<sup>1</sup> enn yngre



<sup>1</sup> Eldre defineres som personer 65 år og eldre, mens yngre er definert som de i alderen 0-19 år.  
Kilde: Regionale befolkningsframskrivinger, Statistisk sentralbyrå.

Desse endringane i folkesetnad og aldersfordeling gir endringar i etterspurnaden etter dei kommunale

tenestene og synleggjer eit monaleg behov for omstilling av tenesteproduksjonen.

## **1.2 Kommuneøkonomi**

Heile sju kommunar i fylket hadde negative netto driftsresultat i 2020. I tillegg var det fleire med svake netto driftsresultat, godt under tilrådinga frå Teknisk beregningsutvalg på 1,75 prosent. Dei svake resultata kan i liten grad skuldast på koronapandemien. Balanserekneskapa for 2020 viser òg at sju kommunar hadde disposisjonsfond som ved utgangen av året utgjorde mindre enn fem prosent av brutto driftsinntekter. Midt-Telemark kommune har meirforbruk som må dekkast inn i løpet av 2022.

Samstundes viser økonomiplanane for perioden 2021-2024 at fleire kommunar planlegg med svake netto driftsresultat framover. Nokre kommunar planlegg å trekke av disposisjonsfonda – deira økonomiske reserve – for å dekke inn utgiftene sine. Dette gir grunn til bekymring.

I kommuneproposisjonen for 2022 skriv Kommunal- og moderniseringsdepartementet at «i årene fremover vil handlingsrommet i statsbudsjettet bli mindre». Dette skuldast at det blir fleire eldre, noko som vil gje ein vekst i utgifter til helse- og omsorgstenester og auka behov for arbeidskraft innan sektoren. Samstundes vil det bli relativt færre i yrkesaktiv alder, noko som òg betyr at veksten i skatteinntekter vil gå ned. Handlingsrommet vil òg bli svekka fordi bruken av fondspengar over statsbudsjettet er venta å vekse mindre enn tidlegare, og etter kvart krympe som del av økonomien.

I sum gjer det at fleire kommunar i fylket, hovudsakleg fleire av dei små og mellomstore med relativt låge utgiftskorrigerte frie inntekter, kan få betydelege utfordringar med å finansiere og oppretthalde tenesteproduksjonen på same nivå og med same utforming som i dag i åra som kjem.


## **1.3 Kapasitet og kompetanse**

Utfordringar knytt til rekruttering og kompetansebehov innanfor helse og omsorg varierer mellom kommunane, og er mest tydelege i kommunar med låge innbyggjartal og mindre sentral plassering. Enkelte distriktskommunar har store rekrutteringsvanskår av sjukepleiarar, noko som blir særstakt utfordrande for drift av sjukeheimar og heimesjukepleia. Mangelen på vernepleiarar gjer seg og gjeldande i dei fleste kommunane. Det gjer det vanskeleg å styrke kompetansen i smittevernarbeidet generelt og i pandemisituasjonen spesielt. Distriktskommunar har òg langvarige og aukande rekrutteringsvanskår av fastlegar. Dette er særleg uttalt i dei små kommunane i Telemark, men vanskane aukar no også i bykommunar.

Det er òg kapasitetsutfordringar i nokre kommunar på område som landbruk, byggesak og arealplan. Til dømes spenner ressurstilgangen på landbrukskontora frå ein eller to tilsette, til større fagmiljø. Nokre kommunar samarbeider om eit felles landbrukskontor. Dei klarer på dette viset å få til eit kontor med fleire medarbeidarar og dermed eit sterkare fagmiljø. Mange kommunar ønskjer likevel å ha sitt eige landbrukskontor i eigen kommune. Men i små kommunar endar ein ofte opp med eit lite landbrukskontor med avgrensa ressursar og dermed eit mindre robust fagmiljø.


## **1.4 Bruk og vern av areal**

Arealbruken i Vestfold og Telemark er prega av mellomstore byar og tettstader langs kystlinja, mens busetnaden lenger inn i landet er meir spreiddbygd. Den demografiske utviklinga fører til endring i bustadbehovet og presset på areala er størst i områda som alt er forholdsvis tett utbygd. Dette gir utfordringar for arealplanlegginga framover. Vi har òg store, samanhengande natur- og friluftsområde i fjell og utmark i fylket vårt, med stort naturmangfald. Dei er avhengig av ei langsiktig forvaltning, særleg gjennom kommuneplanlegginga.




Vi må vente auka hyppigheit av ekstreme naturhendingar i form av styrtegn, flaum og skred. Dette gir utfordringar for infrastruktur og bygg, og krav om tilpassing og planlegging av ny utbygging.

Strandsona langs sjøen er under sterkt press i vår region. Utgangspunktet er byggjeforbod i 100-metersbeltet. Myndighetene fører ei



restriktiv line i handsaming av dispensasjonssøknader. Likevel vart det om lag 200 nye bygnader i strandsona i fjar og over 2400 dei siste 10 åra. Figuren under viser nedadgåande tal på nye bygg i strandsona over tid. Størstedelen av nye bygg gjeld garasjer og uthus til bustad, samt nye bustader.

Antal nye bygnader i strandsonen per år (Kilde SSB)



Vi har store område i fylket med villrein. Den er ein nasjonal ansvarsart, og vi har særleg ansvar for å ta vare på villreinens leveområde gjennom planlegginga. Samstundes er fjell- og utmarksområda viktige ressursar for næringsutvikling som turisme og landbrukstilknytta næringsverksemder. Fleire av kommunane våre er blant dei største hyttekommunane i landet. Det gir utfordringar for vidare planlegging og utbygging av fritidsbustader,

balansert opp mot omsynet til både friluftsliv, natur og utmarksnæringer.

Det er eit mål å redusere jordbruksareal ute av drift i fylket. Dette er ein del av oppfølginga av driveplikta. Kommunane har fått kartverktøy for å få betre oversikt i eigen kommune. Saman med pilotkommunar har vi utvikla ein metode for å jobbe med slike areal. Satsinga er lansert for kommunane i 2021, med tett oppfølging frå Statsforvaltaren. Gjennom 2022 vil vi følgje

opp satsinga vidare. Kommunane har eit sjølvstendig ansvar for å følgje opp driveplikta i eigen kommune, men satsinga gir felles forum for arbeidet.

## 1.5 Samfunnstryggleik og beredskap

Statsforvaltaren ser gjennom tilsyn og anna kommuneretta aktivitet at det for mange kommunart står mykje arbeid att for å lukkast godt med intern og ekstern samordning av beredskapsarbeidet. Eit særsviktig grep er å få integrert dette i det ordinære plan- og styringssystemet i kommunane, slik at beredskap er godt forankra og ikkje blir prega av ujamn oppfølging (skippertak) og/eller er sårbart ved organisatoriske endringar eller skifte av personell.

Kommuneundersøkinga til DSB syner at alle kommunane i Vestfold og Telemark, som einaste fylke i landet, har kommunale beredskapsråd. Desse er særsviktige for at kommunane skal lukkast i si heilskaplege beredskapsrolle. Jamt over trengs meir aktivitet i desse råda, aktivitet som òg er målretta mot at alle medlemmane blir aktive bidragsytarar i det samla arbeidet med ivaretaking av den kommunale beredskapsplikta.

## 1.6 Klima og berekraft

Klimaendringar grip inn i fleire fag- og ansvarsområde i kommunesektoren og føreset samarbeid på tvers. Utan

systematisk integrering utset kommunen seg for ulik klimarisiko, enten det gjeld akutte eller meir gradvise endringar. Utfordringsbildet er samansett. Bemanning, kommuneøkonomi og kompetanse blir ofte trekt fram som dei største organisatoriske utfordringane. På tiltakssida stadfestar klimaprofilane for Vestfold og Telemark ei auking i klimarelaterete naturhendingar (flaum, overvatn, ekstremvær, tørke og havnivåstigning) som set krav til nødvendige tiltak. Klimaendringar kan også skape konsekvensar for biologisk mangfald, drikkevasskvalitet, avlingsskadar, matsikkerheit og skognæringa.

Tilpassing til eit endra klima, omstilling til eit lågutsleppsamfunn med mindre utslepp av klimagassar, og realisering av berekraftsmål er komplementære strategiar for å redusere desse komplekse utfordringane. Strengare miljø- og klimapolitikk vil verke inn på communal planlegging og forvaltning gjennom samfunns- og arealplanlegging, og andre omstillingar til det «grøne skiftet». Vestfold og Telemark har ei målsetting om å redusere klimagassutsleppa med 60 prosent innan 2030, og FNs berekraftsmål skal leggjast til grunn for all samfunns- og arealplanlegging. Her er kommunane sin innsats og kunnskap avgjerande for å kunne konkretisere arbeidet, identifisere målkonfliktar og treffen dei rette tiltaka – slik at vi saman kan skape eit klimarobust og berekraftig Vestfold og Telemark.

## 2 Statlege forventningar til kommunane

Statsforvaltaren er representanten til Kongen og regjeringa i fylket, og skal arbeide for at Stortinget og regjeringa sine vedtak, mål og retningslinjer kan bli følgt opp.

Statsforvaltaren skal bidra til å samordne, forenkle og effektivisere den statlege verksemda i fylket. Vi skal samtidig halde regjeringa og sentraladministrasjonen orientert om viktige spørsmål i fylket, ta initiativ som finst påkravt og fremme forslag til løysingar.

Statsforvaltaren er sektormynde med forvaltningsoppgåver for ei rekke fagdepartement og -direktorat. Vi er klagemynde og tilsynsmynde, og skal sikre rettstrygging for innbyggjarar, næringsliv og organisasjonar.

Kommunen fungerer i spenningsfeltet mellom behovet til lokalsamfunnet for å styre eiga utvikling og behovet til staten for å setje i verk nasjonal politikk på lokalt nivå. Kommunen skal både ivareta ein sjølvstyrefunksjon og ein forvaltningsfunksjon.



## 2.1 FNs berekraftsmål

Regjeringa har bestemt at 2030-agendaen med berekraftsmåla skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i vår tids største utfordringar. Berekraftsmåla omfattar tema som å sikre robuste lokalsamfunn, utforme gode fysiske omgivnader for alle, verne livet på land og i havet, stoppe klimaendringane og følgja av dei, og dessutan å redusere forskjell, sikre helse og utdanning. Fleire av dei største utfordringane er knytte til berekraftsmåla om klimagassutslepp, natur, ressursbruk og forbruk.

Regionale og lokale mynder har eit særskilt ansvar i å følgje opp berekraftsmåla. Ifølgje FN kan to tredelar av delmåla berre nåast gjennom lokal innsats. Kommunane har ansvar for store delar av den sosiale og fysiske infrastrukturen som påverkar befolkningas levekår og utviklingsmoglegheiter. Kommunane er tenesteleverandørar, eigedomsforvaltarar, arbeidsgivarar og innkjøparar, og har dermed stor innverknad på utviklinga lokalt.

Kommunane *bør* bruke offentlege innkjøp som eit verkemiddel for å stimulere

marknader til å tenke berekraftig og bidra til å nå berekraftsmåla.

Planlegging etter plan- og bygningslova skal legge til rette for kunnskapsbaserte og demokratiske avgjerder om framtidig samfunnsutvikling og arealbruk, og er eit sentralt verktøy for oppfølging av berekraftsmåla. Det er *forventa* at kommunane legg berekraftsmåla til grunn for sin samfunns- og arealplanlegging.

Det finst alltid mål- og interessekonfliktar. Å avklare dei er politiske val. Regjeringa vil samarbeide med kommunesektoren for å vidareutvikle berekraftskompetansen i kommunane, og som ein del av dette utvikle målepunkt for arbeidet med berekraftsmåla som kan brukast lokalt. Målepunkta skal bidra til at prioriteringar kan baserast på eit godt faktagrunnlag. Målepunkta blir òg eit verktøy for kommunane som ønsker å rapportere på berekraftsmåla.

**Signaldokument:** Mål med mening: Norges handlingsplan for å nå bærekraftsmålene innen 2030 (Meld.St.40)

## 2.2 Rettstryggleik og god forvaltning

For kommunar er det spesielt viktig å skilje mellom utøving av offentleg mynde og politikk. Det treffest mellom anna avgjerder som kan gripe langt inn i livet til den enkelte borgaren. Legalitetsprinsippet betyr at jo større inngrep dei ulike avgjerdene inneber, jo klarare skal heimelsgrunnlaget vere. Det gjeld dessutan fleire forvaltningsrettslege prinsipp for sakshandsaminga, irekna reglar om krav til at saker skal greiast ut, at dei blir handsama likt og forsvarleg, at alle er gitt høve til å uttale seg, at man må halde seg til saka og rettsreglane m.m. Det er t.d. ikkje mogeleg å vektleggje politiske omsyn når det

blir gitt dispensasjon frå føresegne i eller gitt i medhald av plan- og bygningslova.

### Spesielle forventningar på utvalde område

#### Plan- og bygningslova

Vi *forventar* at kommunane følgjer Statsforvaltaren sin sjekkliste når det blir sendt over klagesaker.

**Krav/pålegg:** Det er eit krav i forvaltningslova at vedtak blir grunngitt konkret. Dette gjeld spesielt for dispensasjon og der kommunen avslår på grunn av skjønn, t.d. estetikk.

**Krav/pålegg:** Vedtak i politiske utval, som avvik frå innstillinga frå administrasjonen, må bli grunngitt konkret. Viss det blir vanskeleg å laga ei grunngjeving i møtet, kan saka t.d. utsetjast.

### Helse, omsorg og sosial

Vi *forventar* at kommunane sørger for tilstrekkeleg opplæring av sine tilsette i sakshandsaming og tilhøyrande lovverk innanfor helse-, omsorg - og sosialområdet.

### «Beste for barnet»-vurderingar

**Krav/pålegg:** I saker som vedkjem barn må kommunane, i si sakshandsaming, kartlegge, vurdere og vektlegge alle forhold som sikrar at barnet sitt beste blir oppfylt, jf. Barnekonvensjonen artikkel 3 nr. 1. Ved barnet sitt beste-vurderingane skal det

takast utgangspunkt i behova og føresetnadene til det enkelte barn.

### Internkontroll etter kommunelova

Det er vedtatt ei ny føreseggn om internkontroll i kommunelova § 25-1. Føresegna gjeld i hovudsak for alle sektorar i kommunen, og skal utgjere ein ny heilskapleg regulering av internkontrollkrav med kommuneplikter. Kommunedirektøren er ansvarleg for at kommunen har ein internkontroll, og at denne skal gjelde administrasjonen si samla verksemd for å sikre at lover og forskrifter blir følgt. Kommunelova § 25-1 erstattar tidlegare føreseggn om internkontroll i sosialtenestelova, barnevernlova, krisesenterlova, folkehelselova, introduksjonslova, og opplæringslova, jf. Prop. 81 L (2019-2020).

## 2.3 HMS og inkluderande arbeidsliv

På HMS-området gjeld forskrift om systematisk helse-, miljø- og tryggingsarbeid i verksemder. Heimelsgrunnlaget i høvesvis arbeidsmiljø-, forureinings- og produktkontrollova er særleg relevant. Det er viktig at kommunen sentralt har planar for tiltak som ikkje kan løysast i den enkelte eininga/verksemda.

### HMS-opplæring for leiatarar

Opplæring for leiatarar er grunnleggande for å kunne lykkast i HMS-arbeid.

**Krav/pålegg:** Arbeidsmiljølova § 3-5 pålegg arbeidsgivar å gjennomgå opplæring i helse-, miljø og tryggingsarbeid.

Arbeidstilsynet stiller krav om at arbeidsgivar skriftleg skal kunne dokumentere ei eller anna form for kvalifisert opplæring. Les på Arbeidstilsynets nettsider om kva HMS-opplæringa skal innehalde.

### HMS-oppfølging ved byggeprosjekt der kommunane er byggherre

Oppdragsgivarar, som mellom anna kommunane, har eit ansvar for å sikre utanlandske arbeidstakarar løns- og arbeidsvilkår som er likeverdige med dei vilkåra norske arbeidstakarar har. Kommunane blir oppmoda til å sørge for at firma som blir nytta har arbeids- og lønnsvilkår i samsvar med norske reglar, og at dette allereie blir teke opp i kontraktsfasen.

**Krav/pålegg:** Byggherreforskrifta krev samordning av HMS-arbeidet. Når fleire verksemder utfører arbeid samtidig på same arbeidsplass, skal det vere ei hovedbedrift som samordnar arbeidet med helse, miljø og trygging (HMS) på arbeidsplassen.

Sjølv om ei hovedbedrift samordnar HMS-arbeidet, har dei enkelte verksemndene like fullt ansvar for eige HMS-arbeid. Dei skal i

tillegg òg medverka til samordninga på arbeidsplassen. Les meir om rolla til byggherren og plikter på Arbeidstilsynets nettsider.

## Psykososiale problemstillingar, vald og truslar

Psykososiale problemstillingar som konfliktar, trakassering og mobbing er risikofaktorar i arbeidslivet, som kan gi alvorlege konsekvensar for helsa til arbeidstakarane. Vold og truslar synest òg å vere ei aukande problemstilling i kommunale einingar.

**Krav/pålegg:** Kommunen som arbeidsgivar skal sørge for å gi nødvendig opplæring av dei tilsette om konflikthandtering og vald og truslar.

Kva som blir sett på som «nødvendig» opplæring må vere i tråd med kva som blir vurdert som tilstrekkeleg for å ivareta arbeidstakarvern og eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø i den enkelte verksemda. Det er arbeidstakar som kan bli utsett for vald og trussel om vald i arbeidet som blir omfatta av kravet til opplæring og øving. Kva arbeidstakarar dette gjeld må vere basert på kartlegginga og risikovurderinga som er gjort etter § 23A-1.

Opplæringa skal sikre at arbeidstakar i utsette stillinger får kjennskap til risikoene for vald og truslar om vald, korleis risikoene blir førebygd, og slik at arbeidstakar blir sett i stand til å forstå korleis vedkommande skal

handtere vald og trussel om vald når det faktisk skjer.

Opplæringa må omfatte øvingar for å kunne handtere valds- og trusselsituasjonar, må tilpassast den enkelte verksemda og den aktiviteten som blir utført, inkludert endringar i arbeidet, og må gjentakast regelmessig. Les meir om krav og rettleiing på Arbeidstilsynet sine nettsider sine, og i Arbeidstilsynet sine kommentarar til regelverket.

## Varsling

Ny lovgiving om varslarar i arbeidsmiljølova stiller krav til meir systematisk bruk av avviksmeldingar og tydelege kommunikasjonskanalar.

**Krav/pålegg:** Kommunane må sikre at den enkelte verksemda har utarbeidd rutinar i tråd med føresegna § 2A 1-7.

Med kritikkverdige tilhøve meiner vi tilhøve som er i strid med rettsreglar, skriftlege etiske retningsliner i verksemda eller etiske normer som det er brei semje om i samfunnet, til dømes tilhøve som kan innebere

- a) fare for liv eller helse
- b) fare for klima eller miljø
- c) korrupsjon eller anna økonomisk kriminalitet
- d) misbruk av mynde
- e) uforsvarleg arbeidsmiljø
- f) brot på personopplysningstryggleiken

## 2.4 Samfunnstryggleik og beredskap

Kommunane har eit generelt og grunnleggande ansvar for å ivareta tryggleiken til eigne innbyggjarar og andre

som oppheld seg i kommunen. Kommunane har ei vesentleg rolle i alt beredskapsarbeid.

## Koronapandemi og krise-handtering

2020 og 2021 har vore prega av koronapandemien og krisehandtering. I etterkant av uønskte hendingar skal kommunen evaluere krisehandteringen. Ettersom pandemien er ei langvarig krise,

oppmodar vi kommunane til å gjennomføre evalueringar underveis i krisehandteringen. Evaluering av pandemien vil truleg avdekkje mange funn, inkludert forbetringsspunkt i kommunen sin heilskaplege ROS-analyse og beredskapsplan. Dette kan gjere det nødvendig å oppdatere/revidere den heilskaplege ROS-analysen og anna planverk i etterkant av evalueringa.

**Krav/pålegg:** Kommunane skal evaluere handteringa av koronapandemien og følgje opp dei forbetringsspunkta som blir avdekkja, mellom anna ved oppdatering av ROS-analyser og beredskapsplanar så langt det trengs.

Undervegsevalueringar er *sterkt tilrådd* ved langvarige hendingar som denne.

**Signaldokument:** Forskrift om kommunal beredskapsplikt, §§ 8 og 6

## Helsemessig og sosial beredskap

Koronapandemien har vist at sentrale beredskapskrav på helseområdet som har vore tema på tilsyn dei siste åra - og ført til mange avvik/merknader - må følgjast endå betre opp i kommunane.

## Materiellberedskap

Gjennom dei siste åra er det dokumentert jamnleg mangel på viktige medisinar, og omfanget av slike manglar har auka sterkt. Koronapandemien har samstundes vist oss at me som del av ein global økonomi er særskilt sårbar ved leveranseforstyrningar, denne gongen av smittevernmaterial.

**Krav/pålegg:** Kommunane må sikre at dei har lager av og leveranseavtale for nødvendige medisinar og medisinsk forbruksmateriell/smittevernmaterial. På dette området er det no gjennom pandemien utarbeidd konkrete krav til omfanget av slik beredskap/slike avtalar.

**Signaldokument:** Forskrift om beredskapsplanlegging § 8

## Personellberedskap

Koronapandemien har gjennom personell i karantene og auka behov i samband med sjukehusinnleggingar, vaksinering og TISK-arbeid, vist oss at personell generelt, og ikkje minst personell med den rette kompetansen, er ein kritisk ressurs.

**Krav/pålegg:** Kommunane må sikre at dei har gode kontinuitetsplanar – planar for kva verksemder som kan nedprioriterast i ulike hendingar, og kva for verksemder som er kritisk å oppretthalde og vil krevje auka tilgang på personell.

**Signaldokument:** Forskrift om beredskapsplanlegging § 4

## Helse- og omsorgstenester og folkehelse

Pandemien har synleggjort behovet for å ha ein helseberedskap, og ført til at kommunane har styrkt sin smittevernkompetanse betydeleg, med auka tilgjenge utover normal arbeidstid til ein tilnærma døgnkontinuerleg beredskap. Samfunnsmedisinsk beredskap omfattar meir enn smittevern, jf. fylkes-ROS og folkehelselova.

**Krav/pålegg:** Kommunane har ei lovpålagt plikt til å ha ein helseberedskap, herunder ein samfunnsmedisinsk beredskap, tilgjengeleg 24/7. Kommunane må sørge for at lovkrava i helseberedskapslova § 2-1 og folkehelselova § 27 og § 28 òg blir følgde etter at pandemien er avslutta.

**Signaldokument:** Helseberedskapslova § 2-1, folkehelselova § 27 og § 28

## 2.5 Kommuneøkonomi

I den nye kommunelova som trådde i kraft i 2020 er kommunane sitt ansvar for ei langsigkt økonomiforvalting, understreka. I St.prp. 46L (2017-2018) legg Kommunal- og moderniseringdepartementet til grunn at «reglene om økonomiforvaltningen (...) må ha som formål å trygge det finansielle grunnlaget for kommunenes produksjon av velferdstjenester».

**Krav/pålegg:** Kommunane skal, jf. kommunelova § 14-1, «forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevnen blir ivaretatt over tid».

Som eit verktøy for å hjelpe kommunane i økonomiforvaltinga, må kommunane vedta finansielle måltal for utviklinga av økonomien. Desse måltala skal danna grunnlag for å vurdere den faktiske

økonomiske utviklinga, synleggjere kva som skal til for å ha ein sunn økonomi over tid, og slik auke medvitet om langsigkt økonomiforvalting i budsjettprosessane.

Kommunane *bør* i sin økonomiske planlegging styre mot å nå dei finansielle måltala, og slik tryggje det finansielle grunnlaget for kommunane sin tenesteproduksjon over tid, og ein berekraftig økonomi. I tråd med utfordringane nemnd i kap 1.2, bør kommunane òg planlegge å tilpasse tenesteproduksjonen til endringane i behova til innbyggjarane i åra som kjem.

**Signaldokument:** Kommunelova kapittel 14, Prop 46L (2017-2018) Lov om kommuner og fylkeskommuner, kapittel 20

## 2.6 Oppvekst

Etter halvanna år med covid-19-pandemi, har vi kome over i ei anna fase med trinnvis gjenopning.

På oppvekstfeltet må kommunane ta grep for å kompensere for læringstap, følgje nøyne med på korleis barn og unge har det, og setje inn tiltak for å sjå til at dei negative følgjene av pandemien, blir minst mogeleg. Ein må spesielt følgje med på om nye grupper har blitt utsette og sårbare.

Samstundes skal kommunane innføre ei barnevernreform/oppvekstrefrom i 2022. Reforma krev utstrekkt samarbeid på tvers av sektorar. Førebygging og tidleg innsats er avgjerande for å lykkast.

For barnehage- og skolemiljøet står framleis førebygging sentralt. For å hindre at barn blir krenka, er det systematiske arbeidet med eit trygt og godt barnehage- og skolemiljø særskilt viktig.

Kompetanseutvikling i barnehagar og skolar bør vere forankra i lokale behov, og skal sikre at dei tilsette i barnehagar og skolar har kompetanse som fremjar utvikling, læring og trivsel tilpassa barn og unge sine behov.

Den prioriterte satsinga Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis, som frå 2021 blei ein del av den nye tilskotsordninga for lokal kompetanseutvikling, famnar vidt og omfattar tilsette i både barnehage og skole, barnehage- og skoleeigarar, tilsette i PP-tjenesta og andre tverrfaglege tenester.

Sjå [«Nytt til barnehage- og skolestart»](#)  
(Utdanningsdirektoratet)

## 2.6.1 Skole

**Krav/pålegg:** Skoleeigar skal ta i bruk [nytt læreplaneplanverk](#) på fleire trinn. For skoleåret 2021/22 skal alle trinn, med unnatak vg3, ta i bruk nye læreplanar. [Sjå støtte til å innføre dei nye læreplanane.](#)

**Krav/pålegg:** Med bakgrunn i nye læreplanar må skoleeigar førebu endringar i eksamen. [Eksamens etter nye læreplanar](#) får meir varierte oppgåvetypar, og elevane skal gjennomføre eksamen i eit nytt digitalt system.

**Krav/pålegg:** Skoleeigarar skal ta i bruk ny [rammeplan for SFO](#). Rammeplanen gjeld frå 1. august 2021, og skal bidra til eit meir likeverdig tilbod til barna over hele landet. Utdanningsdirektoratet publiserte ein kompetansepakke for eit trygt og godt miljø i SFO 1. juli 2021.

**Krav/pålegg:** Skoleeigarar og skoleleiarar skal ha kompetanse på kva som gir eit trygt og godt skolemiljø. Alle skolar bør ha god kompetanse om aktivitetsplikta. Utdanningsdirektoratet publiserer hausten 2021 i alt 7 modular av kompetansepakka om skolemiljø.

Kommunar og fylkeskommunen har eit særskilt ansvar for at skoleeigarar innan 2025 legg til rette for [kompetanseløftet for spesialundervisning og inkluderande praksis](#) i barnehage og skole. Ordninga famner om ei brei målgruppe - for laget rundt barnet. Kompetanseløftet er, saman med desentralisert ordning og regional ordning, ein del av [tilskotsordninga](#) for lokal kompetanseutvikling i barnehage og grunnopplæring. Det er samarbeidsforuma for ordningane som skal sikre medverknad og prioriterer ut frå kjenneteikn.

Skoleeigarar bør involvere seg i arbeidet med [ny opplæringslov](#). Det er mellom anna lagt opp til endringar som skal sikre at lova:  
- varetek behov til elevane  
- er brukarvenleg  
- plasserer ansvaret på rett stad

Forslag til endringar blir sendt på høyring i løpet av sommaren 2021, og sjølv lova vil vere klar tidlegast i 2023.

**Signaldokument:** Kunnskapsløftet 2020, rammeplan for SFO, opplæringslova kap 9A, NOU 2019:23 Ny opplæringslov.

## 2.6.2 Barnehage

**Krav/pålegg:** Kommunen skal organisere oppgåvane den har som [barnehagemynde skilt frå oppgåvane](#) kommunen har som barnehageeigar, når dette er eigna til å ivareta tilliten til kommunens upartiskheit som barnehagemynde.

**Krav/pålegg:** Kommunen skal sikre at barn med nedsett funksjonsevne får eit eigna individuelt tilrettelagt barnehagetilbod. Kommunen fattar vedtak om [tilrettelegging](#) av barnehagetilboden til barn med nedsett funksjonsevne.

**Krav/pålegg:** Kommunen skal sjå til at barnehageeigar følgjer opp endringar i barnehagelova når det gjeld nytt kapittel VIII om [psykososialt barnehagemiljø](#).

**Signaldokument:** Barnehagelova

- Kapittel IV Barnehagemyndighetens oppgaver mv.
- Kapittel VII Spesialpedagogisk hjelp, tegnspråkopplæring m.m.
- Kapittel VIII Psykososialt barnehagemiljø

## 2.6.3 Barnevern

**Krav/pålegg:** Kommunen må legge til rette for at dei har den samla kompetansen som trengs når barnevernsreforma trer i kraft i 1. januar 2022. Ny barnevernlov gjer tydeleg at kommunen som heilskap, og ikkje berre barnevernstenesta, har ansvar for å sikre nødvendig kompetanse for å ivareta sårbare barn og unge. Det er den øvste leiinga i kommunen som har det overordna ansvaret for at kommunen oppfyller dei lovpålagte pliktene sine etter lova.

**Krav/pålegg:** Kommunen skal jobbe målretta med gjenforeining av barn og

foreldre etter ei omsorgsovertaking. Dersom målsettinga for gjenforeining blir forlate, må det sikkast grundige vurderingar. Barns medverking og barnets beste er eit grunnleggande omsyn som skal ivaretakast i dette arbeidet. [Nye retningslinjer om sakshandsaming](#).

**Krav/pålegg:** Kommunestyret skal minst ein gang i året få ei utgreiing om tilstanden i

barneverntenesta, jf. bvl § 2-1 åttande ledd. Tilstandsrapporteringa er ein del av kvalitetsutviklinga.

Kommunen skal sjå til at tilsette følgjer opp endringar i barnevernlova som trer i kraft 1. januar 2022.

**Signaldokument:** Barnevernlova, NOU 2016:16 Ny barnevernlov.

## 2.7 Helse, omsorgs- og sosialtenester

**Krav/pålegg:** Kommunane skal sørge for tilstrekkelege og forsvarlege tenester innan helse, omsorg - og sosialetfeltet.

Vi legg til grunn at krav til nivå og omfang av desse tenestene er kjent fra tidlegare. Områda nemnt nedanfor er ikkje å sjå som ei komplett liste, men viktige og langsiktige satsingar er framheva.

### 2.7.1 Helse- og omsorgstenester og folkehelse

#### Helse- og omsorgstenester til personar med utviklingshemming

Helsedirektoratet har publisert ny nasjonal rettleiar for korleis ein kan legge til rette for gode helse- og omsorgstenester til personar med utviklingshemming. Rettleiaren omtalar god praksis på viktige områder og har lenker til praktiske og nyttige verktøy og metodar. Rettleiaren kan også ha overføringsverdi til helse- og omsorgstenester generelt.

Vi ber kommunane gjennomføre ny nasjonal rettleiar om «Gode helse- og omsorgstjenester til personer med utviklingshemming», jf. helse- og omsorgstenestlova og pasient- og brukarrettlova.

**Signaldokument:** Nasjonal veileder: «Gode helse- og omsorgstjenester til personer med

utviklingshemming», publisert av Helsedirektoratet 3. juni 2021.

#### Leve heile livet – ei kvalitetsreform for eldre (2019- 2023)

Leve heile livet-reforma skal bidra til at eldre kan meistre livet lenger og ha ein trygg, aktiv og verdig alderdom. Reforma handlar om korleis utvikle helse- og omsorgstenestene og skape eit meir aldersvenleg og berekraftig samfunn.

Reforma er nå inne i sitt tredje år. Forventningane til kommunane for 2022 er at kommunestyra handsamar og vedtek planar for korleis reforma sine løysingar kan tilpassast lokale forhold og innførast i samarbeid med andre tenesteområde, frivillig sektor og andre aktørar i lokalsamfunnet. Kommunar med vedtekne planar for reforma vil bli prioriterte innanfor relevante eksisterande og eventuelle nye øyremarka ordningar.

Kontakt mellom det regionale støtteapparatet og kontaktperson i alle kommunane er oppretta. Det er *forventa* at kommunane følgjer opp reformarbeidet vidare i samarbeid med Statsforvaltaren.

Statsforvaltaren *oppmodar* kommunane til aktivt å ta del i læringsnettverk og anna nettverksarbeid for å kunne nyttiggjere seg erfaringar dei ulike kommunane gjer i både behovsanalysar, anskaffingar, forvalting og innføring av velferdsteknologi.

**Signaldokument:** [Stortingsmelding nr 15 \(2017-2018\) Leve hele livet](#), Helse- og omsorgsdepartementet

### **Oppfølging av nye satsingar**

Regjeringa la fram ei rekke nye satsingar gjeldande frå 2021, blant anna Kompetanseløft 2025, Demensplan 2025, pårørandestrategi og nasjonal ernæringsstrategi for eldre. Kommunane må følgje opp og sjå dei i samanheng.

Statsforvaltaren *forventar* at kommunane har etablert differensierte aktivitetstilbod til heimebuande personar med demens, og teke i bruk dei nasjonale faglege retningslinene for demens i tenestene. Kommunane må også ha merksemd på etablering og vidareutvikling av innovative og fleksible avlastingstilbod til pårørande.

Kommunane må sjå satsingane i samanheng med reforma Leve heile livet.

**Signaldokument:** Prop. 1 S (2020 – 2021), Nasjonal faglig retningslinje for demens, Meld. St. 15 (2017–2018) Leve hele livet – En kvalitetsreform for eldre.

### **Helsefellesskap**

Statsforvaltaren *forventar* at kommunane aktivt engasjerer seg for å få etablert helsefellesskap for dei fire prioriterte pasientgruppene (barn og unge, personar med alvorlege psykiske lidingar og rusproblem, skrøpelege eldre, og personar med fleire kroniske lidingar).

**Signaldokument:** Meld. St. 7 (2019-2020) Nasjonal helse- og sykehusplan 2020-2023.

### **Krav til kompetanse og kvalitet**

Statsforvaltaren *oppmodar* kommunane til å halde fram arbeidet med kompetansekartlegging og planlegging av kompetanse for å sikre forsvarleg kvalitet i tenestene på helse- og omsorgsområdet. Helsedirektoratet peikar på at heiltidskultur er viktig, og at det bør lysast ut mest mogleg 100% stillingar både for å auke kvalitet i tenesten og for å rekruttere og halde på helsepersonell.

**Signaldokument:** [Helse- og omsorgstenestelova § 4-1](#) om forsvarlege tenester, § 4-2 om kvalitetsforbetring og pasient- og brukarsikkerheit, og [forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten \(FOR-2016-10-28-1250\)](#)

### **Rehabilitering og habilitering**

Statsforvaltaren *forventar* at kommunane har fokus på å sikre nødvendig kompetanse og kapasitet, og etablerer differensierte tilbod innan habilitering og rehabilitering som ivaretak heile bredda av målgrupper. Kommunane skal sikre nødvendig rehabilitering til pasientar med Covid-19.

**Signaldokument:** Nasjonal rettleiar for koronavirus, kap. 11

### **Folkehelse**

Langsiktig, systematisk og tverrsektorielt folkehelsearbeid er viktig for innbyggjarane si helse og trivsel. Godt folkehelsearbeid startar med å ha oversikt over befolkninga si helsetilstand og tilhøve som påverkar helsa. Det er krav til kommunane om å ha kontinuerleg oversikt over desse faktorane.

Kommunen *bør* ha rutinar som sikrar at folkehelseoversikta er tilgjengeleg og blir nytta som grunnlag i all planlegging. Det miljøretta helsevernet skal vere ein del av det lokale folkehelsearbeidet.

**Signaldokument:** Folkehelselova §§ 5-7 og kap. 3. Forskrift over oversikt over folkehelsen, § 4.

## **2.7.2 Sosiale tenester i NAV**

### **Tilgjengelege tenester og individuelle vurderinger**

Sosialtjenestelova er samfunnets siste sikkerheitsnett, og skal ivareta dei som er i ein vanskeleg livssituasjon. Ikkje alle brukarar er digitale og dette må NAV-kontora ta omsyn til ved alle typar søknadar, og spesielt ved søkerar om naudhjelp. Samtale med søkerar er viktig når kommunen skal kartlegge behovet for tenester og gjere individuelle vurderingar i kvar enkelt sak.

**Signaldokument:** Sosialtenestelova kapittel IV om individuelle tenester, jf. § 4 om forsvarlege tenester og rundskriv til sosialtenestelova R35-00.

### Barn og unge

**Krav/pålegg:** Kommunen må rette ein særskild merksemd mot barn og unge som veks opp i sosialt og økonomisk vanskelegstilte familiar.

Kommunen må sørge for at barneperspektivet systematisk blir ivaretakne i NAV-kontoret, og må legge til rette for eit samordna tenestetilbod mellom NAV-kontoret og andre instansar.

**Signaldokument:** Sosialtenestelova kapittel IV om individuelle tenester, jf. § 4 om forsvarlege tenester og rundskriv til sosialtenestelova R35-00.

### Råd og rettleiing

Pandemien har ført til auka etterspurnad etter råd og rettleiing frå NAV, spesielt økonomisk rådgjeving. Òg brukargrupper som ikkje mottek økonomisk sosialhjelp kan trenge tenester frå NAV.

**Krav/pålegg:** For å bidra til å førebygge sosiale problem, må NAV-kontoret kunne handtere auka etterspurnad etter tenester òg frå nye brukargrupper.

**Signaldokument:** Sosialtenestelova § 17, jf. § 4 om forsvarlege tenester og rundskriv til sosialtenestelova R35-00.

### Kvalifiseringsprogrammet

Kvalifiseringsprogrammet er eit viktig verkemiddel for menneske som treng tett og individuell tilrettelegging for å kome inn i arbeidslivet. Programmet er ein rett for dei som fyller vilkåra i lova. Kommunen *bør* sørge for at NAV-kontoret gjev tilbod om program for sine brukarar som fyller vilkåra.

**Signaldokument:** Sosialtenestelova §§29-40. Rundskriv til sosialtenestelova R35-00.

### Vilkår om norskopplæring

**Krav/pålegg:** Frå 2021 har kommunen plikt til å setje vilkår om norskopplæring for mottakarar av sosialhjelp under 30 år, dersom manglande norskkunnskapar er

årsaka til at tenestemottakaren ikkje er sjølvhjulpen. Plikta gjeld for dei som har hatt rett og plikt til å delta i introduksjonsprogram. For personar som ikkje har hatt rett til introduksjonsprogram, har kommunen plikt til å vurdere om NAV-kontoret skal setje vilkår om norskopplæring for dei som ikkje er sjølvhjulpne fordi dei ikkje kan norsk. Kommunen må følgje opp det nye kravet om vilkårssetting og legge til rette for gjennomføring av norskopplæring.

**Signaldokument:** Sosialtenestelova 20a, jf. § 4 om forsvarlege tenester og rundskriv til sosialtenestelova R35-00.

### Bustadsosialt arbeid

Kommunane har hovudansvaret for å hjelpe dei vanskelegstilte på bustadmarknaden, og har fått ei stadig viktigare rolle i det bustadsosiale arbeidet. Det ligg og føre eit forslag til ny bustadsosial lov. Føremålet med dei foreslegne lovendringane er at vanskelegstilte på bustadmarknaden skal få betre og meir likeverdige tenester på det bustadsosiale feltet. Lova skal klargjere ansvaret kommunane har for samordning, planlegging, oppfølging av den enkelte brukar og sakshandsaming.

Nasjonal strategi for den sosiale bustadpolitikken "Alle trenger et trygt hjem" (2021 – 2024) fastset følgjande mål for å forsterke innsatsen i åra som kommer:

- Fleire skal kunne eige sin eigen bustad
- Leige skal vere eit trygt alternativ
- Sosial berekraft i bustadpolitikken
- Tydelege roller, og nødvendig kunnskap og kompetanse

Enkelte grupper i samfunnet er særleg sårbare på bustadmarknaden. I denne strategiperioden vil ein rette ein særskild innsats mot dei som står i fare for å bli eller er bustadlause, barn og unge, og personar med nedsett funksjonsevne.

### Signaldokument:

- Sosialtenestelova § 15
- [Alle trenger et trygt hjem - Nasjonal strategi for den sosiale boligpolitikken \(2021-2024\)](#) (Pdf)

## 2.8 Integrering og likestilling

I januar 2021 trådde den nye integreringslova i kraft. Lova skal sikre betre norskopplæring, at fleire får formelle kvalifikasjonar, og at endå fleire kjem i jobb.

I 2020 fekk vi endringar i likestillings- og diskrimineringslova, som gir kommunane og fylkeskommunane utvida aktivitets- og forklaringsplikt for likestilling og diskriminering.

### 2.8.1 Integrering

**Krav/pålegg:** [Kommunen](#) skal ta i bruk ny lov om [integrering gjennom opplæring og arbeid \(integreringslova\)](#), som gjeld frå 1. januar 2021. Ny integreringslov inneheld føresegner om ansvaret til kommunane og fylkeskommunane, om tidleg kvalifisering, introduksjonsprogram og om opplæring i norsk og samfunnskunnskap.

Den nye lova har tydelegare krav til flyktningane og til kommunane. Kommunane har ansvaret for å gje flyktningar som nyleg har kome hit [norskopplæring, utdanning eller kvalifiseringa](#) dei treng. For å gje eit meir tilpassa tilbod til innvandrarane, skal deltakarene kunne vere i introduksjonsprogrammet [mellan tre månadar og fire år](#). Ungdom under 25 år som [ikkje har fullført vidaregåande opplæring](#) skal inn i ordinær utdanning, som del av deira introduksjonsprogram.

**Signaldokument:** Integreringslova, integreringsforskrifta.

### 2.8.2 Likestilling

Likestillings- og diskrimineringsombodet og Bufdir har fått roller for å rettleie og følgje

opp arbeidet med likestilling. Kommunane finn rettleiing om aktivt likestillingsarbeid og informasjon om relevante tilskotsordningar på likestillingsfeltet på [Bufdir.no](#).

**Krav/pålegg:** Kommunane skal gjere greie for faktisk tilstand for kjønnslikestilling i verksemda og for arbeidet som er gjort for å oppfylle aktivitetsplikta i likestillings- og diskrimineringslova.

[Lovendringane](#) i likestillings- og diskrimineringslova mv. (universell utforming av IKT-løysingar) vart vedtatt i juni 2021. Dei nye krava gjeld for offentlege verksemder. Lovendringane inneber mellom anna krav om synstolkning av videooppptak som blir lagde ut på nett, universell utforming av nye intranett og ekstranett, og ei plikt til å utarbeida ein tilgjengeleitserklæring.

Dei nye krava bidreg til at tenester og innhald som blir lagde ut på nettstader og mobilapplikasjonar, blir meir tilgjengeleg for brukarar.

Lovendringane trer i kraft 1. januar 2022, og offentlege verksemder får eitt års overgangsperiode for å etterleve dei nye krava.

**Signaldokument:** Likestillings- og diskrimineringslova, Prop. 141 LS (2020-2021) Endringar i likestillings- og diskrimineringslova mv. (universell utforming av IKT-løysingar), FNs barnekonvensjon, FNs kvinnekonvensjon, FNs konvensjon mot rasediskriminering, FNs konvensjon om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne

## 2.9 Utsette barn og familiar

Dei nye [lovendringane](#) i velferdstenestelovgivinga (samarbeid, samordning og barnekoordinator) vart vedteke i juni 2021. Formålet med endringane er å styrke oppfølginga av utsette barn og unge og familiene deira gjennom auka samarbeid mellom velferdstenestene.

**Krav/pålegg:** Kommunane skal sørge for harmonisering og styrking av reglane om samarbeid og individuell plan, innføring av ein samordningsplikt for kommunen ved ytting av velferdstenester, innføring av ein rett til barnekoordinator, og dessutan utviding av ordninga til helse- og omsorgstenesta med lovpålagte samarbeidsavtalar.

Dei nye krava gjeld for helse- og omsorgstenestelova, spesialist-helsetenestelova, psykisk helsevernslova, tannhelsetenestelova, pasient- og brukarrettslova, barnevernlova, barnehagelova, opplæringslova, friskolelova, sosialtenestelova, NAV-lova, krisenterlova, familievernkontorlova og integreringslova. Lovendringane trer i kraft 1. januar 2022.

**Krav/pålegg:** [Kommunane](#) skal sørge for å ha eit godt samarbeid om tenester som er retta mot utsette barn og familiar, arbeidet må vere samordna og godt koordinert.

Leiinga i kommunen *bør* sikre at tilsette som arbeider med barn og unge har generell kunnskap om vern- og risikofaktorar og teikn og signal, slik at dei kan tidleg identifisera dei som lever i ein risikosituasjon.

Leiinga i kommunen *bør* sørge for at relevante verksemder der tilsette møter barn og unge i det daglege arbeidet sitt har rutinar for korleis dei tilsette kan handla på bakgrunn av ei bekymring for barn og unge.

Leiinga i kommunen *bør* sikre at dei verksemndene som arbeider med barn, unge og foreldra deira i det daglege arbeidet sitt, har avtalar om samarbeid på systemnivå som sikrar oppfølging av involverte barn og unge.

**Krav/pålegg:** Kommunane må ha nok og relevant [kunnskap](#) om god praksis, relevante verktøy og [tiltak](#) når det gjeld tverrsektorelt arbeid mot [fattigdom i barnefamiliar](#).

**Signaldokument:** Prop. 100 L (2020–2021)  
Endringar i velferdstjenestelovgivningen (samarbeid, samordning og barnekoordinator), Nasjonal fagleg retningslinje - Tidleg oppdaging av utsette barn og unge, Fattigdom - veileder for tverrsektorelt arbeid for barn som lever i fattigdom

## 2.10 Miljø

### 2.10.1 Natur

Aldri tidelegare har tap av artar gått i eit raskare tempo enn no. Vi *forventar* at kommunane arbeider for å motverke denne utviklinga, slik at vi òg i framtida har velfungerande økosystem som leverer tenester for komande generasjonar. Det er fem menneskeskapte hovudgrunnar til det raske tapet av biologisk mangfald (i rangert

rekkefølgje): Endra arealbruk, direkte utnytting av organismar, klimaendringar, forureining og spreiling av framande, skadelege artar.

Vi *forventar* at kommunane gjennom arealforvaltninga aktivt forebygger tap av biologisk mangfald og nedbygging av artars leveområde. Sjå kap. 2.12.5.

**Signaldokument:** Naturmangfaldslova §§ 8-12, Vassressurslova § 11, Veileder for kantsone langs vassdrag (NVE veileder nr 2-2019), Forskrift om fysiske tiltak i vassdrag § 1, Handlingsplan mot skadelige fremmede arter i Vestfold og Telemark (sept. 2020), Meld. St. 14 (2015-2016) Natur for livet - Norsk handlingsplan for naturmangfold.

## 2.10.2 Forureining

Forureiningslova med underliggende forskrifter skal sikre ein forsvarleg miljøkvalitet slik at forureiningar og avfall ikkje fører til helseskade, går ut over trivselen eller skader evna naturen har til produksjon og sjølvfornying. Kommunen har fleire myndighetsområde og pliktar etter regelverket, mellom anna innan avløp, avfall, forureina luft og grunn.

Miljødirektoratet har ansvar for å gje kommunane ein heilskapleg, nettbasert rettleiingsteneste på miljøområdet. Vegvisaren i communal planlegging og miljøforvaltning finst på nettstaden [www.miljodirektoratet.no](http://www.miljodirektoratet.no)

### Internkontroll/HMS etter forureiningslova

Vi *forventar* at ansvaret for miljø og forureining er avklart og tydeleg plassert i kommunen.

**Signaldokument:** Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter.

### Avløp

Klimaendringar, arealendringar og befolkningsvekst aukar belastninga på avløpsinfrastrukturen.

Det er *forventa* at kommunane planlegg og legg til rette for tiltak på avløpsnettet som avgrensar forureiningar på avvege og reduserer mengd av framadvatn til reinseanlegga. Det er *forventa* at kommunen tek aktivt stilling til løyve ved påslepp av prosessvatn frå verksemder.

Statsforvaltaren vil halde fram arbeidet med fornying av løyva for aktuelle reinseanlegg og forventar samarbeid med kommunane om dette. Det blir lagt opp til at anlegg omfatta av forureiningsforskrifta kap. 14 der sekundærreinsetrinn ikkje er etablert, skal ha dette på plass seinast innan 2027.

"Helhetlig tiltaksplan for Oslofjorden" syner at fleire område av Oslofjorden har for stor tilførsel av nitrogen. Tilførlene kjem hovudsakeleg frå jordbruk og avløp i Noreg, og ikkje frå langtransport som tidlegare antatt. Reinsing av nitrogen ved avløpsreinseanlegga er eit av tiltaka som kan gjennomførast for å betre situasjonen i Oslofjorden. Det konkluderast med at det snarast mogeleg må setjast inn tiltak for å redusere tilførsler av nitrogen til fjorden, mellom anna frå avløp. Dette nye kunnskapsgrunnlaget vil være viktig ved sakshandsaming av fornya eller nye løyve etter forureiningsforskrifta kap. 14.

**Signaldokument:** Forureiningsforskrifta kap. 13 og 14, Forureiningsforskrifta kap. 15A, Helhetlig tiltaksplan for Oslofjorden

### Idrettsbanar

Der kommunen er ansvarleg for idrettsbanar der det nyttast plastholdig løst fyllmateriale (kunstgras) *forventar* vi at kommunane gjer seg kjende med og etterlever nytt kapittel 23A i forureiningsforskrifta.

**Signaldokument:** Forureiningsforskrifta kapittel 23 A.

### Avfall

Statsforvaltaren *forventar* at kommunen:

- fører tilsyn med forsøplingssituasjonen i kommunen
- oppdaterer felles planar for handsaming av avfall i kommunale og private småbåthamnar. I dag har få småbåthamnar ei ordning for mottak av farleg avfall. Kommunen *bør* ha merksemd på å sikre tilstrekkeleg ordning for mottak av avfall og farleg avfall i småbåthamnar.

- har merksemd på å sikre tilstrekkeleg ordning for mottak av avfall og farleg avfall for hytteeigarar
- ser til at det er eit tilstrekkeleg tilbod for mottak av farleg avfall for verksemder med mindre mengder farleg avfall

**Signaldokument:** Forureiningslova §§7 fjerde ledd, 28, 37 og 48 første ledd, Forureiningsforskrifta kap 20, Avfallsforskrifta § 11-10.

### Snøhandtering

Vi *forventar* at kommunen som veigeigar har ein plan for handtering av overskotssnø. Snødeponi er søknadspliktig etter plan- og bygningslova og det kan og vere behov for løyre etter forureiningslova på grunn av fare for forureining.

**Signaldokument:** Forureiningslova §§7, 28, Vassforskrifta §4-6, Plan- og bygningslova § 20-1 første ledd, bokstav a og j.

### Støy

**Krav/pålegg:** Kommunane skal bidra til å førebyggje og redusere ulempar knytt til støy frå industriområde, skytebanar, vindmøller og motorsportbanar. Førebygging av støy frå nye område og/eller banar skal primært skje ved arealplanlegging. Reduksjon av eksisterande støyproblem må skje etter forureiningsregelverket. Kommunen som veg- og hamneeigar må følgje opp forpliktingane sine etter forureiningsforskrifta kap. 5.

**Signaldokument:** Rundskriv T-1442 . Forskrift om myndighet til kommunene etter forurensningsloven. Forureiningsforskrifta kap. 5.

### Mudring og dumping

For tiltak i sjø må Statsforvaltaren ha planmyndigheitenes vurdering av om det tiltaket det søkast om er i tråd med/i strid med gjeldande planer for å kunne gjere vedtak, jf. forureiningslova § 11 fjerde ledd. Statsforvaltaren *forventar* difor at kommunane gjer ei konkret vurdering av om omsøkte tiltak i sjø er i tråd med, eller i strid med gjeldande planer.

**Signaldokument:** Forureiningsforskrifta kap 22, Plan- og bygningslova § 1-8, Forureiningslova § 11, fjerde ledd

### 2.10.3 Vassforvaltning

Regional vassforvaltningsplan for Vestfold og Telemark vassregion er under rullering og ny plan blir gjeldande frå 2022.

Vi *forventar* at kommunane aktivt tek i bruk sine verkemidlar til å følge opp planen og bidra til forbetra vasskvalitet. Dette gjeld særleg innan vass- og avløp, landbruk og arealplanlegging. Det er frå nasjonalt hald sett merksemd på betring av tilhøva kring Oslofjorden og behovet for nitrogenavlastning.

**Signaldokument:** Vassforskrifta, Regional plan for vannforvaltning 2022-27, Helhetlig plan for Oslofjorden.

## 2.11 Landbruk

### 2.11.1 Berekraftig eigedomsforvalting

Det er eit hovudformål for landbrukspolitikken å skape eit mest mogleg robust landbruk.

Kommunen har ei sentral rolle i arbeidet for ein heilskapleg bu- og bygdepolitikk.

Vi *forventar* at kommunen vurderer pris i konsesjonssaker i tråd med departementet sitt rundskriv.

I jordsaker er det viktig å unngå løysingar som fører til transport over lange avstandar, då dette vil gje økte miljøutslepp.

*Vi forventar* at kommunane legg til rette for å samle areal og drift slik at det fører til minst mogleg energibruk.

*Vi forventar* at kommunane bruker jordlova og konsesjonslova aktivt i arbeidet med FN sine berekraftsmål.

**Signaldokument:** Lov om jord og konsesjonslova, Landbruks- og matdepartementets rundskriv M-1/2021, M-2/2021, M-3/2002 og M-35/1995.

## 2.11.2 Tilskotsforvalting og kontroll

Kommunen forvaltar ei rekke økonomiske verkemidlar på vegne av staten.

Internkontroll skal sikre at forvaltning av tilskot gjerast i samsvar med lover og forskrifter. Målet er å unngå feil og vilkårlegheit i sakshandsaminga. Eit godt internkontroll-system vil sikre dette og dermed også trygge sakshandsamar.

Internkontrollen skal vere risikobasert. Den skal vere tilpassa kor vesentleg ordninga er. Vi oppmodar til å bruke kommunen sitt eige internkontrollsysten for å sikre at internkontrollen er dokumentert, at den er kjent for organisasjonen og for å ha eit system for oppdatering.

**Krav/pålegg:** Det er krav til at forvaltninga av tilskot gjerast på ei forsvarleg måte og at det blir etablert internkontroll.

I Statsforvaltaren sine forvaltningskontrollar med kommunane, vil internkontrollsysten ha stor merksemd. Vi *forventar* at eit slikt system kjem på plass for dei ulike tilskotsordningane som kommunen er sett til å forvalte på vegne av staten.

**Signaldokument:** Økonomireglementet §§ 14 og 15.

## 2.11.3 Næringsutvikling

Kommunen skal som førstelineteneste mobilisere til næringsutvikling i landbruket. Det er Regionalt næringsprogram for landbruket i Vestfold og Telemark 2019-2022 (RNP 2019-2022) som legg dei lokale og

regionale føringane, i tillegg til dei nasjonale stortingsmeldingane og strategiane.

RNP 2019-2022 er utarbeidd av det regionale partnarskapet for landbruk og skal gje strategisk retning for den landbruksbasera næringsutviklinga i regionen. Vidare utarbeidast årlege tiltaksplanar i samarbeid med dei regionale partnarane.

RNP 2019-2022 legg strategiske føringar for følgjande verkemiddel:

- Regionale tilretteleggingsmidlar (RT-midlar) forvalta av fylkeskommunen.
- Bedriftsutviklingsmidlane i landbruket (IBU-midlar), forvalta av Innovasjon Norge
- Andre Innovasjon Norge-program
- Midlar til rekruttering og kompetanse i landbruket (RK-midlar), forvalta av fylkeskommunen
- Klima- og miljømidlane forvalta av Statsforvaltaren si landbruksavdeling
- Fjellandbruksmidlane forvalta av Statsforvaltaren si landbruksavdeling

Statsforvaltaren er eit kompetansesenter for kommunane og ønsker å støtte kommunane i sitt arbeid med næringsutvikling.

Kommunane har brei lokalkunnskap samstundes som dei og har ansvar for tilskotsordningane. Samarbeid kan vere eit godt grunnlag i næringsutviklingsarbeidet.

**Signaldokument:**

- Meld. St. 11 (2016-2017) Endring og utvikling. En fremtidsrettet jordbruksproduksjon
- Meld. St. 6 (2016-2017) Verdier i vekst - Konkurранsedyktig skog- og trenæring
- Meld. St. 31 (2014-2015) Garden som ressurs - marknaden som mål
- Regjeringens bioøkonomistrategi - Kjente ressurser uante muligheter
- Oppleveligar for ein kvar smak - strategi for reiseliv basert på landbruket og reindrifta sine ressursar
- Nasjonal strategi for økologisk jordbruk 2018-2030
- Dyrk byer og tettsteder: Nasjonal strategi for urbant landbruk

- Strategi: Matnasjonen Norge
- Nasjonal Reiselivsstrategi 2030
- Nasjonal strategi for ein grøn, sirkulær økonomi
- Mål med mening; Norges handlingsplan for å nå bærekraftsmålene innen 2030
- Grøntsektoren mot 2035, Rapport fra rådgivende utvalg for innovasjon, vekst og økt norskandel i grøntsektoren

## 2.12 Arealdisponering

Plan- og bygningslova gir lokale myndigheter moglegheit til å møte klimautfordringane, stoppe tapet av det biologiske mangfaldet, redusere forbruket av dyrka jord, og sikre folks tilgang til friluftsliv og rekreasjonsområde.

Statsforvaltaren sine fagavdelingar skal sjå til at den kommunale arealforvaltninga ikkje er i strid med nasjonale og vesentlege regionale interesser innan miljøvern, landbruk, samfunnssikkerheit, helse og sosial og barn og unges interesser. Dei nasjonale interessene kjem fram av lover, forskrifter og statlege retningslinjer.

Vi minner om at Statsforvaltaren òg forvaltar motsegrsretten etter plan- og bygningslova for å ivareta nasjonale omsyn i gravplasslova med forskrift. Kommunane *bør* legge til rette for at Statsforvaltaren som regional gravplassmynde blir gitt høve til å uttale seg til arealplanar som omfattar gravplassar eller ligg i umiddelbar nærleik til gravplassar.

### 2.12.1 Jordvern


Stortinget slo i år fast at den årlege omdisponeringa av dyrka jord må være under 3000 dekar og ba regjeringa om at målet skal nås gradvis innan 2025. Vestfold

og Telemark har 7,3 % av landets dyrka mark. Dersom Vestfold og Telemark skal ta sin del av målet på 3000 dekar, vil det seie at den årlege omdisponeringa må være på 220 dekar eller mindre. I 2020 ble det omdisponert 402 dekar dyrka og dyrkbar jord. Av dette var 273 dekar dyrka jord. Omdisponering av mindre enn 220 dekar dyrka mark årleg krev planlegging og styring av arealbruken i kommunane.

Kommunane må i si planlegging leggje kunnskapen om landbruket sine ressursar til grunn. Gjenbruk av allereie nedbygd areal og effektiv bruk av areala er viktig for å redusere omdisponering av ubebygd areal. God og samordna arealbruk må ligge til grunn før ein tillét bygging på ubygde areal. Jordvernet er løfta fram som ein nasjonal interesse i planlegginga og målet er å unngå omdisponering. Det omfattar både dyrka og dyrkbar mark. Denne kunnskapen må ligge til grunn i planlegginga og vegast mot andre samfunnsinteresser.

**Krav/pålegg:** Kommunane har eit ansvar for å følgje opp målet om vern av dyrka og dyrkbar jord.

Figur: Omdisponering av dyrka og dyrkbar jord i Vestfold og Telemark. Kilde: SSB KOSTRA (fra 2005) og Fylkesmannens landbruksavdeling (1991-2004).



Ei viktig del av arbeidet med jordvern, er å følge opp driveplikta på jordbruksareala. Satsinga "Areal som kan vere ute av drift", sjå kapittel 1.4, kan vere til god hjelp i dette arbeidet.

Vi legg til grunn at kommunane tek del i arbeidet med kartlegging av areal som kan vere ute av drift. Målet er at kommunane brukar verktøyet i si oppfølging av driveplikta i det daglege, også etter prosjektperioden.

#### Signaldokument:

- Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2019–2023
- Jordbruksmeldingen Meld. St. 11 (2016–2017)
- Nasjonal jordvernstrategi, Prop. 127 S (2014–2015), oppdatert 2018, jf. Prop. 1 S (2018–2019) (LMD) vedlegg 1. Oppdatert 2021, jf Prop. 200 S (2021–2021)
- Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging (SPR-BATP) (2014).

- Brev frå landbruks- og matministeren til fylkesmennene 1. oktober 2018 – *Nasjonal og vesentlig nasjonal regional interesse innenfor jordvern*
- Brev frå landbruks- og matministeren og kommunal- og moderniseringssministeren til kommunane og fylkeskommunane av 8. januar 2021 - *Jordvern og FNs bærekraftsmål*
- Prosjektside med informasjon og prosjektskildring: <https://www.statsforvalteren.no/vestfold-og-telemark/landbruk-og-mat/jordvern/areal-ute-av-drift/>
- Temaside om driveplikt: <https://www.statsforvalteren.no/vestfold-og-telemark/landbruk-og-mat/jordvern/matjord-jordvern-og-driveplikt/>

#### 2.12.2 Strandsone

Stortinget og regjeringa ønsker ei streng og langsigktig forvalting av strandsona, særleg i område med stort byggjepress.

Nye statlege planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsona langs

sjøen tydeleggjer nasjonal arealpolitikk. Det skal takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser i strandsona, og unødvendig bygging langs sjøen skal ikkje skje. Kystkommunane i Vestfold og Telemark har høgt utbyggingspress, og ligg i den strengaste sona. Det inneber at dispensasjon berre kan innvilgast der tiltaka er til fordel for dei allmenne interessene.

**Krav/pålegg:** Kommunane skal handheve byggeforbodet i 100-metersbeltet strengt. Byggeforbodet gjeld også i bygggeområde, dersom det ikkje er fastsett anna byggegrense i plan.

**Signaldokument:** Plan- og bygningslova § 1-8, Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen (2021)

### 2.12.3 Klima i arealplanlegging

Innan 2030 skal klimagassutsleppa i Noreg vere reduserte med minst 55 % samanlikna med referanseåret 1990. For kommunane og fylkeskommunen er målet sett til 60 %.

Arealplanlegging vil vere eit av dei viktigaste verkemidla for å redusere klimagassutsleppa frå transportsektoren og frå endra arealbruk, som avskoging, nedbygging av myr mv. Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging som står opp under etablert sentrums- og tettstadsstruktur er viktig for å redusere transportbehovet, og for å leggje til rette for auka gonge, sykling og kollektivbruk. Ved revisjon av kommuneplanen er det viktig å ta ein gjennomgang av tidlegare planlagde område som enno ikkje er tatt i bruk, og sjå om desse er i tråd med dagens målsettingar.

**Krav/pålegg:** Kommunen må styre mot at vi skal bli eit lågutsleppssamfunn innan 2050. Klima må bli ein integrert del av arbeidet til kommunen.

Statsforvaltaren *rår* til at kommunane utarbeidar klimabudsjett og klimarekneskap for å følgje opp målsettingane.

Klimaet er i endring. Vi må ta høgde for meir nedbør, kraftigare nedbør, hyppigare flaumar og skred, og meir vind.

**Krav/pålegg:** Kommuneplanens arealdel må nyttast aktivt for å oppnå ei samla arealdisponering som ivaretak omsynet til eit klima i endring. Det må mellom anna vurderast om byggeområde kan bli meir utsett for flaum eller skred. Planar skal ta omsyn til behovet for opne vassvegar, overordna blågrøne strukturar, og forsvarleg overvasshandtering.

**Signaldokument:** Plan- og bygningslova § 4-3, Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning (2018), Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging (2014), Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging (2019)

### 2.12.4 Forureining i arealplanlegging

**Krav/pålegg:** Ulike former for forureining må handsamast gjennom arealplanlegging og førebyggande tiltak. Dette gjeld mellom anna støy, luftforureining, forureina grunn og avløp.

I ny retningsline for behandling av støy i arealplanlegging er det gitt kvalitetskriterier for ny støyfølsam utbygging samt støyande anlegg og verksemrd. Utandørs støy er eit plantema som skal vere avklart før byggesaksnivå. Det inneber at det gjennom arealplanlegging må sikrast at grenseverdiane for støy ikkje blir overskrida for planlagd arealbruk. I støyutsette område må det føreligge ei støyfagleg utgreiing ved offentleg ettersyn av planforslag, som er følgd opp i plankart og føresegner.

På same måte må luftforureining kartleggast og takast omsyn til i planlegginga. Anbefalte grenser for luftforureining skal leggast til grunn ved planlegging av ny utbygging, og kommunane i samarbeid med anleggseigarar skal kartlegge luftkvalitetten ved utarbeiding av overordna planar.

Arealplanar må ta omsyn til fareområde med forureina grunn eller mistanke om dette, samt kva type forureining det er snakk om. Dette gjeld òg for nedlagte deponi der det kan være deponert biologisk nedbrytbart materiale. Myndighetene rår mot å bygge på gamle avfallsdeponi eller i randsona til desse, jf. Miljødirektoratet sin rettleiar M-1780/2020. Område med forureina grunn og nedlagte deponi skal gå fram av planen. Ved ny arealbruk i slike område bør området vere undersøkt og risikovurdert i samband med planprosessen, som tema i ROS-analysen. Kommunen er ansvarleg mynde etter forureiningsforskrifta kap. 2.

Statsforvaltaren *forventar* at kommunen har ein plan for handteringen av overskotsmassar. Kommunen må vurdere om det er eit behov for å avsetje område til lagring av overskotsmassar i arealplanar.

Statsforvaltaren *forventar* òg at kommunen har ein plan for handtering av overskotssnø. Kommunen må vurdere om det er eit behov for å etablere permanente og/eller tidsavgrensa snødeponi etter plan- og bygningslova og avsetje områder til snødeponi i arealplanar. Det kan og vere behov for løyve etter forureiningslova på grunn av fare for forureining.

Det er krav om tilkopling av avløp på kommunalt nett, dersom dette finst i nærliken. For større feltutbyggingar som skal koplast til eksisterande avløpsanlegg, må planforslaget vise størrelsen på utvidinga (i personekvivalentar), kapasiteten og teknisk tilstand til avløpsnettet nedstraums.

Resipientar for eventuelle overløp må være vurderte etter forskrift om ramme for vassforvaltinga (vassforskrifta). Dette for å unngå fare for utslepp av ureina avløpsvatn ved overløp frå nettet, for å unngå

overbelastning av reinseanlegg og at utslepp er i trå med krav etter vassforskrifta.

**Signaldokument:** Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442/2021, Retningslinje for behandling av luftkvalitet i arealplanlegging, T-1520/2012, Forureiningslova §§7, 28, Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta) kapittel 2, 11, 13 og 14, Forskrift om ramme for vannforvaltningen (vassforskrifta), Miljødirektoratet sin rettleiar M-1780/2020, Plan – og bygningslova § 20-1 første ledd, bokstav a og j.

## 2.12.5 Naturmangfald i arealplanlegging

FNs naturpanel slår fast at omdisponering av areal er den viktigaste årsaka til tap av naturmangfald. Berre ein femdel av Noregs areal er verna gjennom naturmangfaldslova. Plan- og bygningslova regulerer bruk og vern av størstedelen av norsk natur. Plan- og bygningslova er derfor særskilt viktig for å ta vare på natur.

**Krav/pålegg:** Naturmangfaldslova og stadfesta informasjon om naturmangfald i Miljødirektoratets naturbase og Artsdatabankens artskart skal leggast til grunn i all kommunal plan- og byggesakshandsaming som får verknad for natur. Nye utgreiingar av naturmangfald skal gjerast etter NiN-metoden (Natur i Noreg, Miljødirektoratets kartleggingsinstruks).

**Signaldokument:** Naturmangfaldslova §§ 4-14, 23-24, 52-56, Veileder til kap. II i naturmangfaldslova, Meld. St. 14 (2015-2016) Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfold, Miljødirektoratets Veileder for kartlegging av naturtyper på land

## 2.13 Samferdsel

Etter 1. januar 2020 ble ordninga kalla «sams vegadministrasjon» avslutta. Dette inneberer at Statens vegvesen ikkje lenger skal handtere fylkesvegane på vegne av fylkeskommunane.

Enkelte kommunar har tolka dette slik at Vegvesenet nå berre skal ha oversendt arealplanar utarbeida etter plan- og bygningslova til uttale dersom planen omfattar eller ligg inntil ein riksveg. Dette er ikkje riktig.

**Krav/pålegg:** Kommunane er forplikta til å sende alle kommuneplanar, kommunedelplanar, reguleringsplanar med vidare til Vegvesenet til uttale. Dette fordi Vegvesenet har fått eit sektoransvar for samferdsel generelt og trafikksikkerheit og kollektiv spesielt for heile vegnettet i Norge. § 5-2 i plan- og bygningslova er tydeleg på at alle planer skal sendes på høyring til alle statlege myndigheter som interesser i planen.

## 2.14 Gravlass

Gravlassmynde i kommunen er kyrkjeleg fellesråd eller sokneråd i kommunar med eit sokn. Etter søknad frå kommunen kan Statsforvaltaren fastsetje at ansvaret som lokal gravlassmynde etter lova skal ligge til kommunen.

**Krav/pålegg:** I alle kommunane skal det vere ein eller fleire gravplassar av slik storleik at det til ein kvar tid er ledige graver for minst 3 prosent av befolkninga i kommunen.

**Krav/pålegg:** Kommunen skal sørge for at det er tilstrekkeleg areal til gravlass og skal sjølv, i samråd med gravlassmynden, regulere slikt areal etter [kapittel 12 i lov 27. juni 2008 nr. 71](#) om planlegging og byggесakshandsaming ([plan- og bygningslova](#)).

Kommunen har det økonomiske ansvaret for dei offentlege gravplassane i kommunen. Etter avtale med soknet kan kommunen yte tenester i staden for å gi tilskot. Kommunen skal også fastsetje avgifter for gravlass, kremasjon og gravferd, etter forslag frå gravlassmynden.

Kommunen treffer nødvendig avgjerd der det er usemje om kven som skal sørge for ei gravferd. Den som sørger for gravferda skal bli gitt høve til å vere ansvarleg for grava, med mindre nokon etterlatte skriftleg krev spørsmålet avgjort av kommunen.

Avgjerdsmakta i desse to tilfella ligg i utgangspunktet hos kommunestyret, men mynden kan og bør delegerast i delegeringsreglementet. Kommunen skal også sørge for gravferda dersom det ikkje er nokon attlevande som gjer det. Det bør avklarast på førehand kven i kommunen som skal utføre desse oppgåvene.

I arbeidet til kommunane med beredskapsplanar bør det takast inn tilhøve knytt til handtering, transport, oppbevaring, kremering og gravlegging av eit større tal avdøde, til dømes som følgje av ein pandemi.

**Signaldokument:** Gravlasslova, gravlassforskrifta, rundskriv H-2/14 Retningslinjer for innsigelse i plansaker etter plan- og bygningslov

### 3 Dialog og samarbeid

Kommunedialogen er heilt sentral i virket til embetet. Pandemiåret, då vi skulle halde avstand, blei samstundes eit år som førde kommunane og embetet tettare saman. Statsforvaltaren sine vekentlege videomøte med kommunane har vore viktige i så måte, for å fremje statlege signal, men like mykje for å få kommunane sine tilbakemeldingar, som vi så har kunna ta vidare til departement og direktorat. Denne utviklinga av samspelet har styrkt fellesskapet og grunnlaget for tillit mellom forvaltningsnivåa.

#### Kommunedialog etter pandemien

Kommunedialogen etter koronaen skal skje på både digitale og fysiske arenaer. Vi ser for oss månadlege videomøte med ordførar, kommunedirektørar og aktuelle fagpersonar, tre til fire fysiske temamøte i året med same målgruppe, kommunesamtalar med leiinga i den enkelte kommunen ein gong kvar valperiode, og elles ved behov, tilbod om folkevaltopplæring om ulike tema og oppfølging av regionråda i Telemark, både som politiske organ og som tenestefellesskap. I tillegg kjem utstrekkt kontakt og dialog på fagnivået.

#### Opplæring for folkevalde og administrasjon

Kommunelova er framleis ny og embetet vil halde fram med å gje kommunane tilbod om opplæring om utvalde emne, der dei spør om det. Det gjeld både for dei folkevalde, som for administrasjonen. Det same gjeld også for opplæring av folkevalde meir generelt. Statsforvaltaren starta 2020 med opplæring i Tinn, Holmestrand, Færder, Kviteseid og Siljan. Vi hadde og vore i nokre kommunestyre hausten 2019. Då pandemien stengde landet, stogga og etterspurnaden etter slik opplæring. Vi gjer difor merksam på at Statsforvaltaren gjerne

kjem til kommunestyra for opplæring av folkevalde, sjøl om det no er ei tid sidan valet i september 2019. Vi har i eige brev frå 2019 gjeve eit oversikt over ulike tema som kan vere aktuelle for slik opplæring.

#### Samordning av statlege tilsyn

Statsforvaltaren skal samordne statlege tilsyn med kommunar og fylkeskommunar etter §§ 30-6 og 30-7 i Kommunelova. Samordninga skal bidra til at planlagde statlege tilsyn er målretta, føreseielege og bidreg til forbetring og læring. Samordninga skal også omfatte den eigne kommunale kontrollverksemda.

Gjennom eit nasjonalt prosjekt er det utvikla ein felles tilsynskalender. Tilsynskalenderen er verktøyet som skal legge til rette for samordning av statlege tilsynsaktivitetar, og alle statlege etatar som har planlagde kommuneretta tilsyn etter kommunelova er pålagde å registrere sine tilsyn her.

Statsforvaltaren forventar at også kommunane tek tilsynskalenderen i bruk, og er aktive i planleggingsfasen kvart år. Målet er å gi kommunane tidleg oversikt over planlagt tilsynsbelastning, og moglegheit for dialog i planleggingsfasen.

Når tilsynsdataane er ferdig samordna av Statsforvaltaren, vil dei planlagde tilsyna vere datosett og offentlege i tilsynskalenderen. Tilsynskalenderen er framleis under utvikling og forbetring, og dette arbeidet går over i fase 3 i 2021. Målsettinga er at ein skal få tilgang til alle tilsynsrapportane gjennom kalenderen.

Meir informasjon er å finne på våre heimesider:  
<https://www.statsforvalteren.no/vestfold-og-telemark/kommunal-styring/tilsyn/>